

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 002, TI - &35, FE - 030	14/344

Saknr	Utval	Type	Dato
067/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Mandat for KS Hordaland sitt arbeid med kommunereform

Vedlegg:

Anmodning om mandat for KS Hordalands medvirking i lokale og regionale prosesser i en kommunereform.

Mandat for KS Hordalands arbeid med kommunereform

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjev sin tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Eit samla Landstyre i KS i møte den 28.05.2014 tilrådde i sak om kommunereforma at fylkesstyrene til KS ber kommunane gjennom lokale vedtak å gje fylkesstyrta mandat til å inngå samarbeid med Fylkesmannen om tilrettelegging av lokale prosessar. KS sitt fylkesstyre i Hordaland har i brev av 04.juli, sjå vedlegg, vedteke å be kommunane å be om eit slikt mandat i samsvar med Landstyret sitt vedtak, med frist 11. september for tilbakemelding. Årsaken til denne korte fristen er at KS Hordaland skal ha sitt første samarbeidsmøte med Fylkesmannen den 15.september.

Vurdering

KS ønskjer med denne saka å sikra god medlemsforankring av si deltaking i dei lokale/ regionale prosessane som skal startast opp no i haust i arbeidet med å definera ny kommunestruktur i landet.

Rådmannen meiner at det er viktig å sikra KS eit godt mandat i arbeidet som no vert starta opp av Fylkesmannen i Hordaland, og rår difor til at formannskapet sluttar seg til KS sitt forslag til vedtak. Samstundes vil ein signalisere at det er viktig å sjå over fylkesgrensa når Masfjorden kommune skal drøfta ny kommunestruktur, og at det må leggjast vekt på å finna arenaer for gode drøftingar også over fylkesgrensene.

Fakta

Det kjem fram av Prop. 95S (2013 – 2014), Kommuneproposisjonen 2015, at alle kommunane i landet hausten 2014 vil verta invitert til å delta i prosessar med sikte på å vurdera, og å avklara om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Fylkesmennene vil få ansvaret frå regjeringa for å setja i gang den naudsynte prosessane. Samstundes seier regjeringa gjennom proposisjonen at det er ønskjeleg at dei regionale prosessane vert gjennomført i eit samarbeid mellom dei lokale fylkesmennene og KS regionalt. KS fekk i brev den 03.07.2014 invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsministeren om å delta i desse prosessane. KS regionalt vert styrt av dei medlemsvalde fylkesstyrrene. Eit stort fleirtal i Stortinget har uttrykt støtte til oppstart av desse lokale prosessane.

KS har vore tydeleg på at endringane i kommunestrukturen må byggjast på lokale prosessar, og at KS ikkje skal vera pådrivar for dette, samt at det er medlemmene sjølv som skal bestemma kven dei vil ha samtalene med. I brevet frå KS vert det understreka at det er kommunane sjølv som må eiga og styra prosessane, med bistand frå KS og fylkesmannen.

Konklusjon

Rådmannen meiner at det er viktig å sikra KS Hordaland eit godt mandat i arbeidet som no vert starta opp av Fylkesmannen i Hordaland, og rår difor til at formannskapet sluttar seg til KS sitt forslag til vedtak.

Formannskapet - 067/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framleggget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune gjev sin tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.